

Norsk lokalhistorie og «nyare» mikrohistorie

Av Arnfinn Kjelland
Høgskulen i Volda

Innleiing

Eit utval med fem medlemer frå dei andre nordiske landa gjennomførte i 2007 ei evaluering av norsk historiefagleg forsking på oppdrag frå Noregs Forskningsråd. Mandatet deira var todelt: dei skulle gje ei samla vurdering av kvaliteten på norsk historiefagleg forsking og dei skulle vurdere kvaliteten på den historiefaglege forskinga i fagmiljø med minimum fem tilsette med førstestillingskompetanse.¹

Rapporten er eit stort dokument på 229 sider. Konklusjonane bygger på innsamla skriftlege publikasjonar frå dei første fem åra på 2000-talet og eigenvurderingar frå og møter med dei aktuelle fagmiljøa.

Som kjent driv også mange tilsette i dei akademiske fagmiljøa i Noreg med lokalhistorie i ei eller anna form. Lokalhistoriske arbeid har derfor fått brei dekning i rapporten. Utvalet konkluderer med at lokal- og regionalhistorie pregar norsk historieforsking i høg grad, men også at framstillingane stort sett er utforma over same lesten – sjangerbindingane er sterke. Det fører til at norske historikarar truleg ikkje fullt ut har utnytta dei mulegheitene for «dypere analyser av fenomener fra denne lokale virkeligheten som har spesiell vitenskapelig interesse». Ein måte å gjere dette på er ved noko komiteen foreslår å kalle «akademisk sekundærraffinering».²

Utvalet peiker vidare på at på 1970-talet kom eit «mikroperspektiv» inn som ein motstraum mot nasjonalstats- og makroorientert historie, noko som generelt sett ført med seg aukande interesse for lokalhistorie. Men utvalet finn det likevel «bemerkelsesverdig» at *mikrohistorie* slik utvalet nyttar omgrepet «stort sett ikke eksisterer i norsk historieforskning». Ei av tilrådingane til det norske historiemiljøet er at det blir utvist: «større nysgjerrighet på nyere historiografiske ansatser internasjonalt», der mikrohistorie er nemnt som eitt av tre døme.³

No var mandatet til evaluatingsutvalet avgrensa til fem år, frå 2000 til 2005, så det tok korkje eventuell tidlegare eller seinare produksjon av mikrohistorie i norsk historieskriving opp til vurdering.

Sjølv har eg i ein del år fundert over korleis vi kan utnytte det store empiriske arbeidet som blir nedlagt særleg i ein delsjanger av lokalhistoria, busettads- og befolkningshistoria (gards- og ættesoga) til å laste lys over meir overgripande problemstillingar. I den samanhengen vart eg for nokre år sidan klar over denne mikrotilnærminga, og har så forsøkt å få noko meir oversyn over innhaldet og i kva grad vi som utøvarar av lokalhistorie i Noreg kan lære av ho.

Eg skal i dette stykket gjere greie for framvekst og status for den nyare mikrohistoria og reflektere over om det er viktige berøringspunkt mellom mikrohistoria slik evaluatingsutvalet definerer ho og visse element av norsk lokalhistorisk forsking. Eg kjem òg inn på mulege måtar vi kan oppnå «akademisk sekundærraffinering» på ved å kople tilnærminga og tradisjonelt lokalhistorisk arbeid.

Nyare kulturhistorie og mikrohistorie

Som mellom andre Jelle van Lottum og Sølvi Sogner har påpeikt, er mikrohistorie «å forstå som en praksis, en *tilnærming til emnet* som skal undersøkes, men der den enkelte utøver fritt velger sitt emne og sine teoretiske referanser».⁴ Dei samanliknar ein historisk analyse på mikronivået med det å lage ein DNA-profil på grunnlag av mikroskopiske biologiske spor. Omgrepet har

elles vore nytta på fleire prinsipielt forskjellige måtar, som vi etter kvart skal sjå.

Det kan ikkje vere tvil om at evalueringsutvalet etterlyste mikrohistorie forstått som ein del av eller i alle fall nært knytt til det som i dei seinare år har vore kalla nyare kulturhistorie.⁵ Dette fagområdet kom inn som eit alternativ til den «nye» sosialhistoria som voks fram både internasjonalt og i Noreg på 1960-, 70- og 80-talet. Når eg i overskrifta på artikkelen har sett inn «nyare» med hermeteikn framafor mikrohistorie kjem det dels av denne utviklinga, dels av måten omgrepene har vore nytta på tidlegare (sjå nedafor).

Som tittelen viser, går Ingar Kaldal i boka *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie* (2002) gjennom viktige sider ved den utviklinga som mikrohistoria er ein del av. Sosialhistoria voks fram fra 1950-talet i opposisjon til det historiefaget som den gong dominerte, med vekt på politisk og hendingsorientert nasjonalstatshistorie. Saman med denne sosialhistoria kom, etter kvart som faget utvikla seg, nye perspektiv inn: historie «nedanfrå», historia til forsømte grupper, levekår, mentalitetar ofl. Eit mål var ofte å skrive samfunnshistorie, der det vart lagt vekt på å «skildre dei sosiale einingane som *heilskapar og totalitetar*».⁶

Sosialhistoria hadde òg vekt på «store teoriar» (eller forteljingar) som skulle årsaksforklare det temaet ein studerte. Temaet kunne t.d. inngå i t.d. «klassekampen, industrialiseringa, urbaniseringa eller moderniseringa».⁷ Denne sosialhistoria var i stor grad også ei «strukturhistorie», som «fokuserte på kollektivfenomen, massehandling, overindividuelle prosesser og forholdsvis varige tilstander».⁸

Førebilda kan i betydeleg grad seiast å ha vore natur- og samfunnsvitskapar, særleg fag som økonomi og demografi, altså med søking etter sikrare og sikrare («objektive») årsaksforklaringar. Den kjente franske Annales-historikaren Emmanuel Le Roy Ladurie spådde i 1968 at i 1980 ville historikaren anten vere ein (EDB-)programmerar eller ingenting.⁹ Den same Ladurie uttalte i 1973 at «historie som ikkje er kvantifiserbar kan ikkje reknast som vitskapleg».¹⁰ Kvantifiseringa gjekk både på økonomiske og sosiale variablar, og voks seg sterkare parallelt med utviklinga av dattateknologien utover 1960- og 70-åra, særleg i USA og Frankrike.¹¹

Fleire forfattarar framhever verket *The Making of the English Working Class* (1963) av Edward Thompson som eit landemerke i utviklinga av sosialhistoria – ei vending bort frå «vitskaplege metodar».¹² Det tok likevel tid før historikarane fann det forsvarleg å sette enkeltindividet i sentrum for merksemda; vanlege folk vart framleis lenge studert kollektivt som grupper.¹³

I 1970-åra voks det i fleire land fram motførrestillingar mot denne forma for sosialhistorisk forsking. Det var kanskje innan ein nabodisiplin, sosial- eller kulturanthropologien, dei nye trendane viste seg først. Dette faget hadde i perioden fra 1920- fram mot 1960-talet gjennomgått ei utvikling mot ein «naturvitenskap om samfunn» som var nærmest antihistorisk. Så reiste kravet om meir historisk djupne seg gradvis blant yngre forskrarar; fagområdet historisk antropologi voks fram. Både innanfor antropologien og den historiske varianten voks det òg fram ein kritikk av det etnosentriske grunnsynet faget hadde vore prega av, synet på visse samfunn som meir «primitive» enn andre.¹⁴

I 1966 skreiv Edvard Thompson ein avisartikkel med tittelen «History from Below». Denne tittelen vart etter kvart synonymt med eit eige fagområde, eller i det minste ei eiga tilnærming til historiefaget generelt, særleg i dei engelskspråklege landa.¹⁵

Ingår Kaldal skil elles mellom to typar nyare kulturomgrep som voks fram i denne perioden: 1) kultur som det subjektive, tankar, idear, kjensler og 2) kultur som betydingar og meiningssamanhengar,¹⁶ der han særleg knyter den siste til den nyare kulturhistoria. I den samanhengen er det naturleg å framheve *forteljinga* sin plass og det som har vore kalla den språklege vendinga i historiefaget. Begge desse har vore viktige inspirasjonskjelder for mikrohistoria.

Dei fleste som har skildra utviklinga av mikrohistoriefeltet, peiker på eit skilje mellom to hovudretningane: ei kulturelt fortolkande og ei som har vore inspirert av antropologiske studiar av små samfunn.¹⁷ Vi skal sjå litt nærmare på desse.

Den italiensk-inspirerte fortolkande mikrohistoria

Det var i Italia frå kring 1970 at fagområdet i denne fortolkande meiningsa vokser fram, i stor grad knytt til nokre få italienske enkelthistorikarar: Carlo Ginzburg, Carlo Poni, Giovanni Levi og Edoardo Grendi. Desse var i utgangspunktet marxistisk orienterte, men dei mista etter kvart tiltrua til den makrohistoriske teorien om økonomisk vokster som både marxistar og ikkje-marxistar hadde felles og utvikla eit nytt sosialhistorisk konsept basert på tolking og forteljing i liten skala.¹⁸

Ginzburg står sentralt i denne utviklinga. Boka hans frå 1976 (svensk utgåve 1983) om ein italiensk møller på 1500-talet og dei ideane han hadde om korleis verda hang saman var i 1999 oversett til 13 språk.¹⁹ Ginzburg har særleg hatt som målsetting å finne dei formene for folkeleg sjølv-forståing og tolking av dei samtidige omgjevnadene i tidleg nytid som kjeldeskaparane ville undertrykke:²⁰ «verden, som den subjektivt sett tog seg ut for de historiske aktører».²¹ Peter Burke kallar denne boka eit ekstremtilfelle av mikrohistorie.²²

Dette medførte at sjølve språket og språkføringa i kjeldene stod i fokus i denne retninga i alle fall i den tidlege fasen, 1970- og 80-åra. Den italienske retninga har dessutan unngått bruk av fagsjargong, særleg sosialvitskapleg. I den grad fagspråk er brukt i denne retninga, er det henta frå språkvitskap.²³

Ginzburg har påpeikt at det å kunne byggje opp og *fortelje* ei logisk historie bygd på *kjelder* (leivningar, «spor») er ei evne som må vere urgammal, attende til jeger- og sankarsamfunnet. Da var det heilt livsnødvendig for jegerane å kunne:

rekonstruere det usynlige byttes form og bevægelser ud fra det aftryk i mudder, knækkede grene, ekskrementkugle, hårtotter, tabde fjer, lugte som var blevet hængende i luften. De lærte at oppspore, at registrere, fortolke og klassificere uendelig små spor som f.eks. spytråde. De lærte at foretage komplekse mentale operationer med lynets hast, i et tæt buskads eller en farefuld lysning. Generationer efter generationer af jægere berigede og videreførte denne skat af viden.²⁴

Denne vidareføringa av det vi i dag kallar erfaringsbasert kunnskap frå generasjon til generasjon, frå «tilsyneladende ubetydelige data til en kompleks realitet som ikke kan erfares direkte»²⁵ skjedde sjølvsagt *munnleg*, i form av *å bli fortald*. Jegeren var iflg. Ginzburg altså den første til å fortelje ei historie. Her kan det elles godt skytast inn at i jeger- og sankarsamfunnet var sannsynlegvis kunnskap og kunnskapsoverføring knytt til det andre, mindre dramatiske og helst kvinnelege ansvarsområdet – sinking av alt veksande som kunne inngå i næringsgrunnlaget – minst like viktig. Ginzburg nyttar nemninga «indisie-paradigmet», der historikaren må gjere som jegeren og tolke ofte ubetydelege spor etter hendingar i fortida og rekonstruere og tolke den samanhengen spora kan syne attende til.

Den italienske retninga i mikrohistoria har hatt ein tendens til å fokusere på avvikarane heller enn den typiske aktøren. I staden djupgranskar dei individ som ikkje følgjer «den gyldne middelvei». Termen «det normale unntaket» er brukt om slike som i samtida vart sett på som «unnormale» eller til og med farlege. Desse har eit trekk felles: dei tiltrak seg øvrigheitas merksemrd og etablerte dermed arkivmateriale vi kan analysere. I andre grupper i det same samfunnet kunne dei same individua bli sett på som føregangspersonar, men utan å etterlate seg kjelder som fortel om det. Det blir derfor ei viktig oppgåve å lese det «dei andre» meinte ut av kjeldene.

Det skal elles ha vore ei splitting innafor den italienske greina av fagområdet på 1990-talet, mellom ei meir «konservativ» retning som ikkje ville anna enn å reformere sosialhistoria og behalde hovudelementa i tilnærminga, og ei som ville dreie mikrohistoria meir i retning av det «kunstfaglege» («the work of art»). Det var den sosialhistoriske greina som dominerte, i alle fall sist på 1990-talet.²⁶

Det kan vel neppe vere tvil om at det er denne varianten som har representert det sterkeste brotet med eldre former for kultur- og sosialhistorie.

Den antropologisk inspirerte mikrohistoria i Tyskland: småsamfunnsstudiar

I Tyskland var utviklinga noko forskjellig. Her sleit historiefaget med traume etter naziperioden,²⁷ og opposisjonen mot den upersonlege, kvantifiserande sosialhistoria (Gesellschaftsgeschichte) utvikla seg ikkje før på 1980-talet til det som på norsk har vore kalla «kvardagshistorie» (Alltagsgeschichte). Så langt eg kan forstå, kan denne tilnærminga delast i to: ein del som i alle fall til ein viss grad fell inn under mikrohistorieomgrepet slik det er nytta av evalueringsutvalet²⁸ og ein del som kanskje i større grad liknar norsk fagleg lokalhistorieskriving. Det kan sjå ut til at den akademiske delen av retninga fekk etter måten raskt ein sterkare posisjon i det nasjonale tyske fagmiljøet enn det den tilsvarande rørsla i USA og England fekk.²⁹

Den tyske mikrohistorievarianten er meir inspirert av antropologiske samfunnsstudiar («community studies»): ein grundig gjennomgang av heile (små) lokalsamfunn over til dels lange tidsrom heller enn enkeltaktørar, og er sterkt prega av fagomgrep frå historisk antropologi.³⁰ Også den tyske retninga har hatt eit sterkt fokus på dei omskiftelege tydingane av sentrale språklege omgrep i kjeldene frå periode til periode og har nytta omgrepet «det normale unntaket» om hendingar og lokalsamfunn.³¹

David Warren Sabean og Hans Medick er nok dei fremste representantane for denne retninga.³² Sabbeans studiar av landsbyen Neckarhausen frå sist på 1500-talet til kring 1900 i tre band (1984, 1990, 1998) er eit viktig og tilgjengeleg døme. Sabean tek i desse bøkene for seg ei lang rad emne knytt til denne vesle landsbyen med berre 150 innbyggjarar midt på 1600-talet: eigedomsforhold, jordbruksproduksjon, biologisk og åndeleg slektskap, historisk-demografisk utvikling osv.; emne som vanlegvis er studert på aggregert nivå innafor historiefaget. Hovudmålet for Sabean var i utgangspunktet å kartlegge alle dei biologiske, juridiske og sosiale *relasjonar* individua inngår i og å finne kva desse relasjonane har betydd og korleis relasjonane og tydinga av dei endra seg over tid. Eit døme er forståinga av eigedomsomgrepet: som ein relasjon mellom *fleire* personar i høve t.d. eit jordstykke meir enn eit påstått forhold mellom *ein* person og jordstykket.³³

I Danmark vidareutvikla elles kulturforskaren Palle Ove Christiansen denne antropologisk inspirerte mikrohistoria ved å kombinere feltarbeid med grundige arkivarbeid i det han sjølv har kalla antropologiske feltstudiar blant menneske i fortida.³⁴ Hans Henrik Appel har òg gjennomført eit dr. gradsarbeid (1999) som eksplisitt inneheld ei liknande analyse av eit sørjyllandsk herad på 1600-talet. Sjølve metoden desse nyttar på det empiriske materialet liknar til ein viss grad den eg har kalla «buplasshistorisk» på norsk materiale,³⁵ tilpassa danske landsbysamfunn.

Denne retninga kan til ein viss grad seiast å stå i gjeld til sosialhistoria frå 1970-talet. Det gjeld i alle fall for undersøkingar der ein analyserer meir tradisjonelle kategoriar og variablar og der den reduserte skalaen på undersøkingsobjektet dermed er det mest karakteristiske.

Tilgrensande tradisjonar

Denne nyare mikrohistoria har sjølvsagt òg vore teke opp i andre land enn Italia og Tyskland, sjølv om desse miljøa har vore førande og inspirasjonskjelder. I Frankrike har t.d. den s.k. fjerde generasjonen av Annales-historikarar nytta prinsipp frå den italienske tilnærminga i sine arbeid.³⁶ I England har det i alle fall sidan 1970-åra – til dels knytt til den relativt sterke lokalhistorietradisjonen der – vore gjennomført studiar etter historisk-antropologiske teori- og metodeprinsipp.³⁷ I USA har begge hovedretningane hatt sine utøvarar. Fleire av dei sentrale forfattarane, m.a. Carlo Ginzburg, David Sabean og Natalie Zemon Davies, har hatt og har undervisningsstillingar ved amerikanske universitet.

I våre nordiske granneland har òg ein del historikarar fatta interesse for tilnærminga. I Danmark gjeld det særleg Palle Ove Christiansen og på Island Sigurður Gylfi Magnússon og hans Center for Microhistorical Research ved Rey-

kjavik Academy.³⁸ Tidsskriftet *Den jyske historiker* har fleire bidrag om fagfeltet, m.a. eit temanummer i 1999. I Sverige har Birgitta Odén prøvd tilnærminga i ei essaysamling om sjølvord i forhistorisk og tidleg nytid,³⁹ og ved Universitetet i Helsinki har eit miljø i institutta for sosiologi og sosialhistorie prøvd ut mikroperspektivet tverrfagleg.⁴⁰ Det er òg levert fleire avhandlingar for phd-graden bygd på mikroperspektivet i naboland.⁴¹

Utfordringar: representativitet og generalisering

Spørsmålet om i kva grad ei mikrohistorisk undersøking, t.d. Ginzburgs om møllaren på 1500-talet, er «representativ», har så langt eg forstår vore sentralt i kritikken mot fagområdet.

Omgrepet representativitet i historisk samanheng er likevel ikkje uproblematisk; det vart t.d. påpeikt alt i 1970 av den svenske statistisk orienterte historikaren Bernt Schiller. Enklast er det kanskje innafor statistikk, der omgrepet har ein presis definisjon kopla til utvalsmetodikk: eit utval er representativt viss kvart individ har hatt ein kjent sjanse til å komme med i utvalet.⁴² Allment blir omgrepet nytta synonymt med uttrykk som gyldig eller typisk. Knut Kjeldstadli definerer omgrepet enkelt og greitt: det «oppstår når vi vil slutte fra en del til den helheten denne inngår i, når vi vil generalisere fra enkelte opplysninger eller enkelte undersøkelser til større enheter».⁴³

Påstanden har altså vore at mikrohistoriske undersøkingar ikkje er representative, og motståndane frå mikrohistorikarar og andre er fleire: utrekna gjennomsnitt skjuler for mange avvikande utslag, som historia nettopp har høve til å vise fram. Ved å rekne ut gjennomsnitt blir motsetningar og mangfold utlikna til ei slags heilskapshistorie, som mikrohistorikarane meiner ikkje finst. Det er alle desse motsetningane og mangfaldet som er opphavet til den historiske dynamikken, ifølgje den danske historikaren Liv Egholm.⁴⁴ Ho peiker òg på at sjølve objektet for mikrohistoria er kulturelle element og tyding av desse, noko som er enda meir problematisk å underkaste kvantitativ analyse.

Denne problematikken er eigentleg generell, og går på det prinsipielle skiljet mellom kvalitative og kvantitative metodar eller forskingsopplegg slik dei er drøfta også i andre lærebøker enn Kjeldstadli 1999, t.d. Harald Grimen, som har nemninga *sosiologisk* representativitet: «Det er ikke statistisk representativitet som er poenget med slike studier. [...] Men selv om slike studier ikke kan oppnå statistisk representativitet, kan det hende de kan oppnå en annen type representativitet [...] *sosiologisk* representativitet». For at ei undersøking skal vere representativ på denne måten meiner Grimen at «vesentlige elementer må være gjenkjennbare for andre i same type situasjon».⁴⁵

Også Dagfinn Slettan spør om «hvor vesentlig er representativitet og generalisering når det ikke dreier seg om å undersøke forekomsten av enkeltfenomener, men å trenge dypere inn i sammensatte prosesser? Slike er vanskelige å sammenligne, fordi enkeltdelene inngår i ulike kontekster og har da ulik betydning». Han viser til den danske historisk orienterte sosiologen Bent Flyvbjerg, som hevder at ein «ofte med fordel (kan) generalisere på grundlag af en enkelt case, og case-studiet kan udmærket bidrage til videnskabelig utvikling via generalisering som supplement eller alternativ til andre metoder. Men formel generalisering er overvurderet som kilde til videnskabelig utvikling, hvorimod 'det gode eksempelets magt' er undervurderet.»⁴⁶

Det har òg vore peikt på at særleg dei italienske mikrohistorikarane er skeptiske til om større forteljingar i det heile tatt *kan* representere noko anna enn nettopp nåtidas førestillingar om emneområdet.⁴⁷

David Sabean nyttar eit skarpt skilje mellom omgrepa generalisering og *komparasjon*, der målet med samanlikninga er å framheve det spesielle i eit område, for å få betre forståing av det lokale. Det gjeld ikkje for generaliseringar, som blir brukt om fleire tilhøve: a) om å finne det typiske, b) overføre ein særskilt lokal utvikling i eit større bilde eller c) å vurdere eit gitt fenomen i høve ein fast målestokk. Sabean argumenterer for at frekvens og spreiing av eit fenomen ikkje kan setjast lik kva fenomenet *tyder*⁴⁸ – eit viktig poeng i spørsmålet om *tolking* av kjeldeinformasjonen.

masjon, og igjen noko som kanskje kan studerast best i mikroperspektiv.

Internasjonalt har mikrohistoria også blitt kritisert for å «trivialisere» historia ved å fokusere på «uviktige» personar eller problem i småsamfunn.⁴⁹ Det er ei innvending vi som skriv lokalhistorie ikkje treng ta inn over oss.

Kategoriar og tema i mikrohistoria

Eit mindre prosjekt eg har vore med på saman med nokre islandske og ungarske historikarar i dei siste par åra har hatt som mål å velje ut sentral engelskspråkleg litteratur til eit mastergradsemne i mikrohistorie. I den prosessen har utviklinga vore drøfta i eit antal konferansebidrag. Davíð Ólafsson ved Center for Microhistory, Reyjavík Academy har kanskje den mest oversiktlege oppsummeringa av fagområdet. Han plasserer dei mikrohistoriske studia frå dei tre–fire siste tiåra i fire kategoriar.⁵⁰

Den første er det han kallar ei «individualistisk» tilnærming, med Ginzburgs møllar og andre studiar av aktørar som døme. Slike studiar liknar biografiar, men har vanlegvis høgare analytisk ambisjonsnivå. Den neste tilnærminga er det Ólafsson kallar «hendingsbasert», der analysen tek utgangspunkt i ei konkret hending. Det kan t.d. vere at ei gruppe trykkeriarbeidarar i Paris under stor ståhei tek livet av eit stort antal katter.⁵¹ Den tredje er «kjeldebaseret» og byggjer i hovudsak på bestemte typar dokument, kalla «ego-» eller sjølvbiografiske dokument (memoarar, dagbøker, brev og reiseskildringar).⁵² Slike dokument blir så nærlæse og -analysert for å avdekke skrivarens (aktørens) førestillingar om den kulturen ho eller han var ein del av eller kom i kontakt med gjennom reiseverksemnd. Islandske og danske mikrohistorikarar har gjort fleire slike studiar.⁵³ Den fjerde er så småsamfunnsstudiar slik det som nemnt framafor særleg har vore praktisert i Tyskland.

Som vi ser, er det stor spreiing i kva som kan kategoriserast under mikrohistorienemninga. Eg skal gå litt inn på nokre av dei mest sentrale tema.⁵⁴

At mikrohistorikarar studerer fenomen i *liten skala*, er som nemnt framheva av fleire. Her er poenget altså at ein gjerne studerer «store» eller komplekse tema/spørsmål, men ein nyttar kjelder som fortel om ein person, ei hending, ei kjelde eller eit lite samfunn og, som Ingvar Kaldal har påpeikt: ved å redusere skalaen blir det «muleg å halde kulturelle, sosiale, økonomiske og politiske forhold i synsfeltet samtidig».⁵⁵

Vidare har *kvardagslivet* gjerne vore eit sentralt tema. Særleg i småsamfunnstudiane har det vore gjort forsøk på å sjå dei mange nyare bindestreks- eller deldisiplinane (om dei menneskelege «elementærerfaringar»: historia om barndommen, familien, seksualiteten, døden osv.) *under eitt*.

Utøvarane har som nemnt vore inspirert av den fortolkande vendinga innan antropologien. Men dei prøver å legge større vekt på *mangfaldet*, at kultur både kan tyde og vere noko svært forskjelligt alt etter kvar aktørane er plassert i prosessane. Det same gjeld å vere bevisst *avstanden* mellom den historiske verkelegheita dei undersøker og dei orda (teikna, spora) vi les ut av kjeldene. Dermed har sjølve det språket som ein dreg slutningar ut frå, blitt problematisert.⁵⁶

Som òg nemnt har ein ofte fokusert på trivialitetar innan denne retninga, gjerne gjennom termen «det normale unntaket» fordi dette er det som har sett spor etter seg i kjeldematerialet. Dette gjeld begge dei to variantane av mikrohistorie nemnt framafor, men der den fortolkande har større utfordringar i å finne interessante døme. Gjennom dei omfattande landsbyundersøkingane etter tysk mønster finn ein lettare slike, fordi ein går igjennom «alle» tilgjengelege kjelder og vil kjenne alle relevante sosiale og økonomiske relasjoner i alle fall innan det lokalsamfunnet ein studerer.

Mikrohistorieomgrep i Noreg

Mikrohistorieomgrepet er ikkje ukjent i norsk historisk forsking. Det har vore brukt i alle fall attende til 1970-talet. Mange vil hugse artikkelen til Sivert Langholm om «historie på individnivå» frå 1974. Her er undertittelen «Omkring Ullensakerprosjektet – et mikrohistorisk eksperiment». Jan Eivind Myhre nyttja omgrepet på same måte i 1996.⁵⁷ Langholm definerte fagom-

rådet som «historie på individnivå» og presiserte at dei forskjellige variablene (informasjon om fødsel, giftarmål, død og relasjoner) «kombineres på individnivå».⁵⁸ Også andre, m.a. Jørn Sandnes, skal ha skrive om mikrohistorie.⁵⁹

I 1994 gav Ingar Kaldal ut boka *Alltagsgeschichte og mikrohistorie*. I denne drøftar han mikrohistorieomgrepet slik det hadde vokse fram i Tyskland på 1980-talet. Same året skreiv Sølvi Sogner ein populærfagleg artikkel der ho gjorde greie for særleg den italienske varianten.⁶⁰ Desse positivt vinkla bidraga ser for meg ut til å vere første gong ei ny, kulturhistorisk mikrotilnærming er utgreidd fagleg i Noreg i noko omfang. Både Langholm, Kaldal og Sogner går vidare inn på temaet seinare, også med referansar til internasjonal litteratur.⁶¹ Andre norske historikarar har så langt eg kan sjå ikkje drøfta mikrohistorieomgrepet eller -perspektivet eksplisitt i nemnande grad før evalueringssrapporten kom ut i 2008.⁶²

Mange fleire norske historikarar har følgt opp, eller i alle fall i større eller mindre grad lete seg inspirere av den nyare kulturhistoria og den språklege vendinga i sine lokal- og allmennhistoriske framstillingar. Det er t.d. uttrykt i forordet til første bandet av Aschehougs noregshistorie frå 1995, men altså utan noko *mikroperspektiv* på den måten evalueringsutvalet etterlyser.

Avgrensing i høve norsk lokalhistorisk forsking

Det er altså ikkje uproblematisk å forsøke å definere denne tilnærminga til historisk forsking, slik m.a. van Lottum og Sogner som nemnt framfor påpeiker. Den Store Danske Encyklopædi bd 13 (utg. 1999) har likevel ein variant som eg synes er eit godt utgangspunkt når ein skal vurdere den nyare mikrohistoria i høve norsk lokalhistorie:

Mikrohistorie, form for historieforskning, der forsøger at tage udgangspunkt i meget små enheder så som tilsyneladende betydningsløse enkeltindividar, institutioner, byer eller landsbyer for derigjennom at afdække historiske mønstre og processer af mere omfattende rækkevidde.⁶³

Det er altså to sentrale ledd i denne definisjonen: med utgangspunkt i *små eininger* skal ein uttrykkjeleg prøve å «afdække historiske mønstre og processer af mere omfattende rækkevidde». Det siste leddet kan truleg tolkast todelt. Det kan vise til mønstre og prosessar som ein korkje kan klare å kaste lys over eller finne gjennom makroundersøkingar.

I høve lokalhistoria kan det da vere naturleg å merke seg at dei små einingane ikkje treng vere lokalt avgrensa; det kan t.d. vere slekts- eller yrkesbaserte nettverk, personar som flyttar o.a. Problemstillinga må òg ta sikte på å gje svar på spørsmål som går ut over det aktuelle lokalsamfunnet. Dersom ein avgrensar geografisk bør ein i alle fall neppe, i tråd med evalueringa og intensjonane i den nyare kulturhistoria, nytte nasjonalstatsgrensene.

Eit enkelt døme: ein kan prøve å seie noko meir generelt om utvandringa til Amerika gjennom å djupgranske t.d. ein person eller ein familie der ein har gode kjelder (t.d. ei fyldig brevsamling). Eller ein kan bygge på ei fullstendig kartlegging av alle økonomiske og sosiale relasjoner i eit lokalsamfunn, kanskje både på avreisestaden og målet, for å seie noko om kva desse relasjonane hadde å seie for utvandringsmønsteret. Her må ein òg sjølvsgart vurdere kor generell problemstilling kjeldene har berekraft til å seie noko om, t.d. topografisk: frå tynt folkesette fjellbygder i Sør-Noreg, på Vestlandet, i Skandinavia, Nord-Europa o.a.

Utgangspunktet for arbeidet blir derfor eit anna enn for det aller meste av lokalhistorisk (og for den saks skyld anna historisk) arbeid. For å kunne «afdække historiske mønstre og processer af mere omfattende rækkevidde» må ein ta for seg ei spesiell eining (ein person, ei kjelde, ei hending eller eit samfunn for å følgje kategoriane til Ólafsson, sjå framfor), og utfordringa må vere å vurdere berekrafta til det kjeldematerialet ein har; kva for meir omfattande «mønstre og processer» kan det nyttast til å kaste lys over. Dette blir i prinsippet nokså forskjellig frå det vi gjer i lokalhistorisk arbeid: prøver å finne svar på nokså allmenne spørsmål (t.d. om utvandringa) *først og fremst* knytt til vårt lokalsamfunn, der vi prøver å vri det vi kan ut av dei kjeldene

som ein gong finst hos oss.⁶⁴ Og i tråd med kritikken frå m.a. Ingar Kaldal: skal ei framstilling kallast mikrohistorie bør ho i alle fall forsøke å halde mange forhold i synsfeltet samtidig.

Mange har peikt på at norsk lokalhistorie har hatt høgare akademisk prestisje enn i andre land.⁶⁵ Ho er omfattande, og volumet ser ikkje ut til å minke. Det ville eigentleg vere merkeleg viss ikkje denne aktiviteten i det minste har vore og/eller er i berøring med det som rører seg innafor den internasjonale tilnærminga. Men i så fall må det vere ubevisst og t.d. ikkje registrert som emneord i biblioteksystemet BIBSYS. Det er likevel ikkje så rart som det kan høyrast ut; David Sabean skriv i forordet til den siste boka frå Neckarhausen at han lenge hadde praktisert mikrohistorie utan å vite at tilnærminga hadde eit namn.⁶⁶ Det gjeld truleg ein del norske lokalhistorikarar òg.

Det har lenge vore akseptert norsk praksis å levandegjere meir allmenne historiske prosessar både i lokale, regional og større samfunn i form av å trekke fram enkeltpersonar, familiar eller hendingar og skildre dei på ein måte som kan minne om dei vi her tek for oss. Det har òg vore gjennomført meir systematiske forskingsopplegg der allmenne emne har vore belyst med konkret lokalhistorisk empiri.⁶⁷ Men allment kan ein altså ikkje kalle slike døme for nyare mikrohistorie, etter som dei som oftast har vore trekt fram nettopp som *døme* på meir allmenne eller generelle trekk. Ein norsk historikar som i betydeleg grad har brukt særskild grundige undersøkingar frå eitt lokalsamfunn i mange samanhengar, er sjølv sagt Ståle Dyrvik med sine studiar av Etne i Sunnhordland.⁶⁸

Eg finn det altså fruktbart å ta som utgangspunkt at for å kalle ei historisk framstilling nyare mikrohistorie, må forskingsprosessen *i prinsippet ha gått den andre vegen*. Med det meiner eg at ein i det minste må ha sett mikroskopet mot ein enkeltperson (ei «individualistisk» tilnærming iflg. Ólafsson), ei hending («hendingsbasert»), ei kjelde eller eit lite samfunn for *primært* å kaste lys over eller få fram nye overgripande problemstillingar. Enda meir ideelt ville det kanskje vore *først* å velje ei meir omfattande problemstilling som *krev* eit mikroblikk før ein finn fram mikroskopet. Da ville truleg den største utfordringa vere å finne det ein skal stille det inn mot.⁶⁹

Nyare mikrohistorie i praksis i Noreg

Det er for så vidt rimeleg at norske lokalhistorikarar ikkje i nemnande grad har utført arbeidet sitt med eit slikt perspektiv. Vi arbeider trass alt først og fremst nettopp med lokalsamfunn i ei eller anna form. Men det er kanskje meir overraskande at ikkje fleire av dei mange akademisk tilsette fagpersonar med lokalhistorisk produksjon på merittlista ser ut til bevisst å ha prøvd tilnærminga. For ein må vel med vår tradisjon kunne tenkje seg ein «justert» retning i forskingsprosessen: gjennom lokalhistorisk arbeid har sikkert mange kome over merkelege tilfelle og/eller detaljkartlagt økonomiske og sosiale relasjoner på ein måte som *kunne vore* bevisst utnytta til mikrohistoriske analysar.⁷⁰

Eg har i arbeidet med denne artikkelen ikkje hatt høve til å lage noko fullstendig oversyn over og/eller analyse av publiserte arbeid der ein slik prosess kan sjå ut til å ha lege til grunn. Men eg har gjort nokre enkle spadestikk særleg i *Historisk tidsskrift* og *Heimen* og følgt nokre få andre trådar m.a. gjennom bokmeldingane i desse tidsskrifta.

Aktiviteten til dei fleste historikarar ved universiteta og høgskulane i dei første fem åra av 2000-talet vart vurderte i den før nemnde evaluatingsrapporten. Det er neppe grunn til å tru at nokon av desse hadde utvikla metodologi og produsert arbeid av noko omfang som kan kallast nyare mikrohistorie bygd på lokalhistorisk arbeid eller på annan måte, *før* perioden 2000–05 utan at det ville ha kome fram i evalueringa.⁷¹ Dermed står vi i prinsippet att med tre grupper: a) historikarar *utanom* dei institusjonane som vart evaluerte, b) arbeid publiserte etter 2005 og c) historikarar som var aktive, men som var gått bort før evalueringa vart fullført. Eg har altså gjennom nokre stikkprøver forsøkt å finne ut om arbeid utført i nokon av desse gruppene med rimelegheit kan kallast nyare mikrohistorie.⁷²

Den siste kategorien, avdøde historikarar, er kanskje enklast, for det er neppe så mange. Dag-



Jostein Nerbøvik skreiv eit eige bygdebokband for Volda om utbygginga av kyst-, innseglings-, hamne- og andre fyr, sjømerke og tørneringar m.m. Med utgangspunkt i den plassen heimbygda Volda hadde trekkjer han trådene til lyssetting til rettleiing for sjøfarten nasjonalt og internasjonalt. Boka kan truleg kallast «nyare» mikrohistorie. På dette xylografiet frå Skillings-Magazin frå 1862 ser vi Andenes fyr på nordodden av Andøya, bygd i åra 1856-59 av eit arbeidslag frå Volda.

finn Slettan (d. 1999) arbeidde i Trondheim og var ein av dei første i Noreg som fatta interesse for den nye kulturhistoria, m.a. gjennom arbeid med munnlege kjelder attende til 1970-talet. Han var òg sentral i lokalhistorisk organisasjons- og rettleatingsarbeid i alle fall i dei siste 20 åra han levde, men eg finn ikkje særleg sterke spor etter konkret, empirisk basert mikrohistorie hos han.

Jostein Nerbøvik (d. 2004, tilsett ved Høgskulen i Volda) hadde eit opplegg for bygdebokserien for heimkommunen Volda som kan minne om mikrohistorie. Han skulle eigentleg skrive tradisjonell kronologisk bygdebok, men fekk tidleg på 1990-talet endra vilkåra slik at han skulle gje ut ein del «temahefte», altså fordjupe seg i fleire tema før han skreiv eit samanfattande band. Han kopla i betydeleg grad aktør- og strukturperspektivet og utnytta relasjonsinformasjonen i dei eldre gards- og ættesogebøkene for Volda intensivt. Det vart ikkje berre «hefte»; Nerbøvik rakk m.a. å gje ut eitt band om eit såpass spesielt tema som fyr- og merkevesenet, der han tok utgangspunkt i denne aktiviteten blant folk kring Volds- og Dalsfjorden frå 1820-talet og ut på 1900-talet (Nerbøvik 1997).⁷³ Emnet var «ikkje noko mindre enn korleis dette landet vart tilgjengeleg sjøvegen, dag som natt, den gongen sjøvegen var den viktigaste» og perspektivet er ikkje berre nasjonalt, men òg internasjonalt (s. 14f). Men det primære for Nerbøvik var nok likevel det lokale nivået, voldingane sine bidrag i denne prosessen, og dermed ikkje «strentg» mikrohistorisk. Det same gjeld nok det siste bandet han rakk å skrive i serien.⁷⁴

Det er elles eitt eldre arbeid eg synes fortener å bli nemnt i ein slik samanheng. Dei fleste undervisningstilbod i norsk historie på postgymnasialt nivå i 1970- og 80-talet hadde truleg essayet om *Det store hamskiftet i bondesamfunnet* av Inge Krokann (1942) med som pensum. I etterordet skriv Tore Pryser at Krokann her tok opp både økonomiske, sosiale, kulturelle og [til dels] politiske sider ved prosessen⁷⁵ – eitt av dei metodiske grepene Kaldal har påpeikt ein kan gjere i slikt arbeid. Vi kan med ein viss rett seie at Krokann «desentrerte blikket» og fekk fram ny og viktig kunnskap om sentrale prosesser i det norske bondesamfunnet i siste del av 1800-talet. *Det* ser ut til å ha vore primærhensikten til Krokann (motsett t.d. Nerbøvik), og det gjorde han med utgangspunkt i eitt lokalsamfunn han kjen-

te særskilt godt, Oppdal i Sør-Trøndelag, sjølv om han trekte inn døme fra mange andre bygder. Det kan derfor vere grunn til å kalle hamskifteessayet eit tidleg arbeid innafor den nyare mikrohistoria i alle fall i Noreg, kanskje òg internasjonalt.

Det kan i alle fall ikkje vere tvil om at Krokann 30 år tidlegare hadde teke opp noko som inspirerte det faghistoriske klimaet som utvikla seg på 1970-talet. Det galdt ikkje berre lokalhistoria – til og med statsvitarar tok del i den debatten.⁷⁶ Knapt noko anna historisk tema har vore så grundig drøfta i bygdebøker, hovudoppgåver, vitskaplege artiklar, dr. gradsavhandlingar og noregshistorier i dei siste tiåra.⁷⁷ Brynjulf Gjerdåker innleier oppsummeringskapitlet i bd. 3 av *Norges landsbruks-historie* (2002) med referanse til Krokann. At dei mange undersøkingane har modifisert konklusjonane frå kring 1940 og kanskje ført til at sjølve hamskifteomgrepet ikkje lenger er like godt eigna, reduserer ikkje betydinga av den banebrytande analysen han utførte.

Norsk lokalhistorisk institutt er det eine og i vår samanheng kanskje det viktigaste av dei ikkje-evaluerte fagmiljøa. Men også andre fagmiljø med betydeleg lokalhistorisk produksjon falt utanfor, t.d. høgskulane i Telemark (Bø), Lillehammer og Sogndal. Dessutan har vi andre fagmiljø enn dei reine historiefaglege som i alle fall kan ha arbeidd med mikrohistorisk perspektiv, men altså utan at eg har klart å finne tydeleg spor etter det i dei publikasjonane som først og fremst blir lese av lokalhistorikarar. Det gjeld nok først og fremst etnologi (kulturhistorie), antropologi, arkeologi og kanskje kultursosiologi.


Evalueringsutvalet sette utgangen av 2005 som fremre grense for arbeid som skulle leverast til vurdering. Dermed har det òg gått nokre år, men utan at det ser ut til å ha ført til meir fokus på denne tilnærminga, i alle fall ikkje i dei to sentrale fagtidsskrifta våre.

Eitt særskilt døme er likevel Heimen-artikkelen til språkvitaren Arne Apelseth – som ikkje vart med i historieevalueringa – om bok- og skriftkultur som sosial markør og maktfaktor i det norske bondesamfunnet ca 1760–1840 (2005). Temaet var tildelt emne for prøveførelesing for dr.art.-graden, så her hadde i alle fall ikkje Apelseth interesse for eit bestemt lokalsamfunn som utgangspunkt. Han byggjer likevel resonnementa og konklusjonane på eit særskilt avgrensa lokalt materiale, *eitt* gardsarkiv frå ein mindre gard på Toten (Panengen-arkivet). I sluttordet viser han til at «ei lokalhistorisk vinkling» (og lokale kjelder) er nødvendige for å kaste lys over temaet (s. 63); *eg* vil nok seie vinklinga hans er meir mikro- enn lokalhistorisk.

Nokre døme på mulege utgangspunkt for mikrohistoriske undersøkingar

Under arbeidet med denne artikkelen har eg naturleg nok reflektert litt over eigne erfaringar særleg frå lokalhistorisk arbeid. I 1981 fullførte eg hovudfag med ei sterkt kvantitativ orientert oppgåve bygd på Kåre Lundens metodologi kring energiproduksjonen i det gamle landbruket. Som undersøkingsområde brukte eg ei bygd eg hadde relativt sterkt tilknyting til. Samstundes vart eg engasjert av Lesja kommune – der eg ikkje hadde vore før – for å skrive gardshistoria i deira bygdebokverk. Eg fekk beskjed om at slektshistoria var ferdig skrive frå før, men konsulenten ved NLI hadde etterlyst betre gardshistorie. Eg oppdaga snart at eg ikkje klarte å skrive gardshistorie utan kopling til folket som hadde budd på gardane, og fekk nemnda med på ein gjennomgripande revisjon av dei delane av verket. Det er eg i ettertid glad for, for eg kom da bokstaveleg tala mykje nærmare nettopp menneska, aktørane, i det lokal-samfunnet, og fatta nokså ubevisst interesse for dei.

Utan noko sideblikk til den da framveksande nye kulturhistoria, men sjølv sagt med ballast frå studietida i miljøet kring Edv. Bull d.y. og Dagfinn Slettan i Trondheim, begynte eg etter kvart å undre meg over husmannshistoria i Lesja. Eg hadde da den sedvanlege allmenne kunnskapen om dette «vesenet» som ballast, men oppdaga snart store variasjonar berre i ei bygd med drygt 3.600 innbyggjarar før masseutvandinga starta i 1860-åra.




Figur 1: Busetnadsutviklinga i glandene på Lesjaskogen. Bjorlie er den vestlegaste, så kjem Råbå, Einbu, Kyrkjekreten, Nørde og Søre Verket. Kjelde: Kjelland 1987.

Det er her sjølv sagt ikkje plass til å gå inn på dette i nemnande detalj, men eg skal peike på nokre særeigenheiter. Det første eg stussa på, var noko eg registrerte i jordbrukssteljinga frå 1865. Der fann eg at fleire av dei som var førté som husmenn, hadde hest, til og med fire som hadde *to* hestar. Ved nærmere oppslag syntet det seg rett nok at ein av dei var «Husmand uden jord og Frihandler» og ein annan var «Husmand, Selveier og Gaardbruger» – noko som i seg sjølv syner litt av variasjonane.

Det neste merkelege tilhøvet eg oppdaga, var at ikkje så reint få av dei tidlege husmannsplassane vart frådelte og fekk tinglyste skøyte i siste del av 1700-talet, men at dei som budde på plassane, likevel vart førté som husmenn i folketeljinga 1801. For ikkje å snakke om da eg kom over den tinglyste husmannskontrakten mellom eigaren av ein av de aller største gardane i Lesja, Holåk, og kompanisjefen for Lesjeske linjekompani frå 1755. Kompanisjefen vart major før han vart pensjonist i 1765, men han budde som «husmann» under Holåk til han døydde i 1779, og enkja i ti år til.⁷⁸

Kvantitativt orientert som eg var, registrerte eg systematisk tidspunktet for etablering og fråflytting av kvar driftseining som er omtalt i bygdebokverket, fordelt mellom skyldsette gardsbruk, husmannsplassar og nyare bustadhus. På det grunnlaget fekk eg laga glandevis grafiske



Figur 2: Busetnadsutviklinga i glandene i Lesja hovudsokn, med Nordmo lengst vest, så Lyftingmo, Kyrkjebygde, Bø og Kjøremsgrende lengst i aust. Kjelde: Kjelland 1992 og 1996.

framstillingar over framveksten av busetnaden i bygda frå den vestlegaste enden ved Romsdalen til grensa mot Dovre ved Dombås. Når eg så samanlikna desse kurvene (sjå figur 1–2) avteikna det seg eit påfallande mønster: i glandene på Lesjaskogen⁷⁹ og Nordmo i hovudsoknet stig talet på plassar *mindre* enn det samla talet på bruk, medan når vi kjem lenger austover fyl kurvene kvarandre; auken i bustader kjem i all hovudsak i plassgruppa. Det kan altså sterkt forenkla sjå ut til at ein finn grensa mellom det vestnorske og austnorske husmannssystemet mellom glandene Nordmo og Lyftingmo i Lesja.

Same undersøkinga synte elles at ikkje mindre enn 25 % av dei ordinære husmannsplassane som var etablerte i bygda før folketeljinga i 1801, *ikkje* var busette det året.⁸⁰ Ein del vart busette att seinare, men desse tala gjer at den offisielle husmannsstatistikken for Lesja frå dette tidspunktet er mildt sagt tvilsam.

Dette er altså tilfeldige døme på funn frå *ei* bygd, der empirien syner kor problematisk sjølve husmannsomgrepet er.

Det er kanskje særleg der ein har gode, dvs. rimeleg fullstendige, bygdebokverk av tilsvarande delsjanger (busetnadshistorie eller gards- og slektshistorie) ein kan finne slike «normale unntak» som ein kan prøve mikrohistorisk tilnærming på. Men også dei som skriv om allmenne tema i bygde- og byhistorier kjem truleg over interessante kjelder, som kan djupgranskast vidare.

Ikkje noko av det eg har skrive om Lesja, er kategorisert som mikrohistorie. Men det kan kan-

skje syne litt av det potensialet for å skrive mikrohistorie som eg trur finst innafor det norske lokalhistoriefeltet, berre ein har det i tankane.⁸¹

Eit pågåande mikrohistorieprosjekt i Volda

Ved Høgskulen i Volda har vi fått stønad frå Noregs Forskingsråd til prosjektet *Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder*. Det eine delprosjektet er kalla *Embetsmennene sine sosiale og økonomiske relasjoner i høve til bondesamfunnet. Mikrohistorisk tilnærming*.⁸² Innafor dette delprosjektet forsøker vi gjennom fleire studiar m.a. å tolke ein friviljug sosial relasjon, fadderskapet, i samsvar med dei metodane og teoriane som er utvikla innafor denne tilnærminga. Som m.a. den danske historikaren Martin Bork har peikt på⁸³ var sjølve dåpsseremonien, der ei gudmor bar eit nyfødt barn frå ein annan familie fram til døypefonten i kyrkja medan heile kyrkjelyden såg på, ei særstilte markering av sosiale relasjoner og fellesskap.

Problemstillinga for desse studia vil vere i kva grad embetsmennene i bygdesamfunna stod fadrar for allmugefolk i sine embetsdistrikt og omvendt; og kva funna våre eigentleg kan tyde. I den sammenhengen forsøker vi å utnytte gode busetnadshistoriske bygdebokverk systematisk for å plassere aktørane slektskapsmessig og sosioøkonomisk. Ved hjelp av slike verk vil det normalt vere overkommeleg å identifisere også fadrane og finne kva bustad (gard) dei må ha budd på. Nokre av studia vil òg prøve å gå vidare og kople også forlovarskap og økonomiske relasjoner inn i faddernettverka, ved å undersøke i kva grad aktørane var involvert i slike.⁸⁴

Dette er noko som m.a. David Sabean har gjort i den vesle svabiske landsbyen Neckarhausen, og som det truleg vil vere muleg for oss å samanlikne våre funn med. Det mikrohistoriske perspektivet vi forsøker her, kan derfor kaste lys over problemstillingar som vil vere relevante langt ut over dei enkelte lokalsamfunna og for den saks skyld nasjonshistoria. Det er i tråd med det ein av dei tidlege kulturhistorikarane, Edvard Bull d. y., påpeikte allereie i 1971: «lokalhistorikerne også bør gjøre seg klar over hvor internasjonal deres vitenskap i virkeligheten er. Den såkalte 'rikshistorie' er jo i virkeligheten langt mer provinsiell». ⁸⁵

Arnfinn Kjelland
Førsteamanuensis
Høgskulen i Volda
6100 Volda
E-post: ak@hivolda.no

Referert litteratur

- Andersen, Håkon W. 1994: Mennesker, meninger og medlemmer. En skisse av nye muligheter for en kulturhistorie. Andersen, Håkon W. m.fl. (red.): *Clios tro tjener. festskrift til Per Fuglum*. Trondheim: 13–44.
- Apelseth, Arne 2005: Bok- og skriftkultur som sosial markør og maktfaktor i det norske bondesamfunnet ca. 1760–1840. *Heimen* 1, 2005: 49–66.
- Appel, Hans Henrik 1999: *Tinget, magten og æren. Studier i sociale processer og magtrelationer i et jysk bondesamfunn i 1600-tallet*. Odense Universitetsforlag.
- Aronsson, Peter 2007: Historia och platskonstruktion – historikernas roll på den globala kulturmarknaden. *Sted, tilhørighet og historisk forskning. lokalhistoriens form og funksjon i det 21. århundre*. Norsk lokalhistorisk institutt: 73–88.
- Bay, Ole 1999: En verden af muligheder. – A. Ja. Gurevics udvikling som historiker i mikrohistoriens perspektiv. *Den jyske Historiker* nr 85: 132–148.
- Bork, Martin T. H. 2006: *Fællesskabet efter fællesskabet. Sociale relationer og netværk i et dansk landbosamfund efter landsbyfællesskabets opløsning ca. 1785–1850*. Upublisert Ph.d.-avhandling, Københavns Universitet, levert 1.5.2006.
- Burke, Peter 2005: *History and Social Theory*, 2. edition. Polity Press.
- Busck, Steen 1999: Mikrohistorie og lokalhistorie. *Den jyske Historiker* nr 85: 47–61.

- Castrén, Anna-Maija m.fl. (red.) 2004: *Between Sociology and History. Essays on Microhistory, Collective Action, and Nation-building*. Studia Historica 70, Helsinki.
- Cerutti, Simona 2004: Microhistory: Social Relations versus Cultural Models? Castrén, Anna-Maija m.fl. (eds.): *Between Sociology and History. Essays on Microhistory, Collective Action, and Nation-building*. Studia Historica 70, Helsinki: 17–40.
- Christiansen, Palle Ove 1996: *A Manorial World. Lords, Peasants and Cultural Distinctions on a Danish Estate 1750–1980*. Universitetsforlaget.
- Christiansen, Palle Ove 2000: *Kulturhistorie som opposition. Træk af forskjellige fagtraditioner*. Samleren, Viby.
- Christiansen, Palle Ove 2001: Oversigt. Forståelsen af det annerledes. Om Carlo Ginzburg og mikrohistorie. *Dansk Historisk Tidsskrift*. Hf. 1: 111–145.
- Christiansen, Palle Ove 2004: *Landsbyliv. Aфhandlinger om livsstil og sociale relationer i landbosamfundet fra 1700-tallet til i dag*. Landbohistorisk Selskab.
- Darnton, Robert 1984: *The Great Cat Massacre and Other Episodes in French Cultural History*. Basic Book, Inc., Publishers.
- Egholm, Liv 1999: Mikrohistorie. *Den jyske Historiker* nr 85: 20–46.
- Egholm, Liv 2004: *Rejseberetninger som kulturelle tegn. En mikrohistorisk undersøgelse af mødets betydning i teori og praksis*. Ph.D. afhandling. Center for historie, IHKS. Syddansk Universitet.
- Fagerlund Solveig 2002: *Handel och Vandel. Vardagslivets sociala structur ur ett kvinnoperspektiv Helsingborg ca 1680–1709*. Studia Historica Lundensia, Lunds Universitet.
- Finberg, H. P. R. og V. H. T. Skipp 1967: Local History. Objectivity and Pursuit. David & Charles. Newton Abbot.
- Ginzburg, Carlo 1976: *Osten och maskarna. En 1500-tals mjölnares tankar om skapelsen*. Svensk utg. 1983. Dansk: *Osten og ormene. Kosmos ifølge en 1500-tals møller*. Forlaget Klim 2006.
- Ginzburg, Carlo 1999 (1994): Mikrohistorie. To eller tre ting jeg ved om den. I: *Spor. Om historie og historisk metode*. Museum Tusculanums forlag. Københavns Universitet: 192–212.
- Ginzburg, Carlo 1999 (1979): Spor. Indicieparadigments rødder. I: *Spor. Om historie og historisk metode*. Museum Tusculanums forlag. Københavns Universitet: 78–110.
- Grimen, Harald 2004: *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. 3. utgave. Universitetsforlaget.
- Götlin, Anna och Helena Kåks 2004: *Handbok i konsten att skriva mikrohistoria*. Natur och kultur, Stockholm.
- Harbsmeier, Michael 1999: Mikrohistorie – et plaidoyer. *Den jyske Historiker* nr 85: 7–19.
- Iggers, Georg G. 1997/2005: *Historiography in the Twentieth Century. From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*. Wesleyan University Press. Første utgåve 1997, denne med ny epilog av forfattaren.
- Kaldal, Ingar 1994: *Alltagsgeschichte og mikrohistorie*. Nr 2 Skriftserie fra Historisk institutt, Universitetet i Trondheim (NTNU).
- Kaldal, Ingar 1995: Fram for lokalhistorie, som historisk refleksjon. I Nysæter, Egil m.fl. (red.): *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år 1920–1995*. Trondheim: 127–132.
- Kaldal, Ingar 2002a: *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Det Norske Samlaget.
- Kaldal, Ingar 2002b: Sosialhistorikaren i 'Nr. 13' – kulturhistorisk gjenvisitt. Andersen, Håkon With mfl. (red.): *Historie, kritikk og politikk. Festskrift til Per Maurseth på 70-årsdagen 7. juni 2002*. Nr 27 i Skriftserie fra Historisk institutt. NTNU: 305–320.
- Kaldal, Ingar 2007: Ei meir historisk reflekterande lokalhistorie? Noen forslag til lokalhistorieskrivinga i framtida. *Sted, tilhørighet og historisk forsking. lokalhistoriens form og funksjon i det 21. århundre*. Norsk lokalhistorisk institutt: 37–57.
- Kjeldstadli, Knut 1989: Historisk antropologi. *Historisk tidsskrift* hefte 1: 50–65.
- Kjeldstadli, Knut 1999: *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. 2. utgave. Universitetsforlaget.
- Kjelland, Arnfinn 1987, 1992, 1996: *Bygdebok for Lesja. Bind 1 Gards- og slektshistorie for Lesjaskogen. Bind 2 Gards- og slektshistorie for nørdre del av Lesja hovudsokn. Bind 3 Gards- og slektshistorie for søre del av Lesja hovudsokn*. Lesja kommune

- Kjelland, Arnfinn 1996b: Husmann eller småbrukar kring 1801? Litt om eigedomsstatusen til «husmannsplassane» i Lesja i siste del av 1700-talet. *Bønder, jord og rettigheter. Rapport fra agrarhistorisk symposium. Trondheim 1996.* nr 16 i Skriftserie fra Historisk institutt, NTNU.
- Kjelland, Arnfinn 2004: Dei første «moderne» husmenn i nokre aust-norske fjell- og flatbygder. Med utgangspunkt i ein búplasshistorisk metode. *Heimen* hefte 2: 93–100.
- Knutsen, Paul 2002: *Analytisk narrasjon. En innføring i historiefagets vitenskapsfilosofi.* Fagbokforlaget.
- Krokann, Inge 1976 (1942): *Det store hamskiftet i bondesamfunnet.* Det Norske Samlaget.
- Langholm, Sivert 1974: Historie på individnivå. Omkring Ullensakerprosjektet – et mikrohistorisk eksperiment. *Historisk tidsskrift* hefte 3: 243–272.
- Langholm, Sivert 2000: Om kulturhistorie, sosialhistorie og hamskifter i historien. *Holmgang. Om førmoderne samfunn. Festskrift til Kåre Lunden.* Tid og Tanke. Skriftserie fra Historisk institutt, Universitetet i Oslo.
- Magnusson, Sigurður Gylfi 2003: The Singularization of History. Social History and Microhistory within the Postmodern State of Knowledge. *Journal of Social History* 36: 701–735, her etter Burns, Robert M. 2006 (ed.): *Historiography. Critical Concepts in Historical Studies. Volume IV Culture.* Routledge, London and New York: 222–260.
- Magnusson, Sigurður Gylfi 2006: Social History – Cultural History – Alltagsgeschichte – Microhistory: In-Between Methodologies and Conceptual Frameworks. *Journal of Microhistory.* <http://www.microhistory.org/pivot/entry.php?id=20> henta 09.06.2006.
- Medick, Hans 2001: Weaving and Surviving in Laichingen, 1650–1900. *Micro-History as History and as Research Experience.* James C. Scott and Nina Bhatt: Agrarian Studies. Synthetic work at the cutting edge. Yale University press, New Haven and London: 283–296.
- Myhre, Jan Eivind 1996: I historiens hus er det mange rom. Noen hovedtrekk i norsk historieforskning 1970–1995. *Historisk tidsskrift* 1/2: 3–35.
- Nerbøvik, Jostein 1997: *Holmgang med havet 1838–1914.* Volda kommune.
- Nerbøvik, Jostein 2004: *Myndige møringer 1740–1870.* Volda kommune.
- Odén, Birgitta 1998: *Leda vid livet. Fyra mikrohistoriska essäer om självmordets historia.* Historiska media, Kristianstad.
- Ólafsson, Davíð 2009: *Community based microhistories and related scholarly approaches within humanities and social sciences.* Paper presentert ved Microhistory Network: Theory and Practice of Microhistory. A Workshop in Budapest, 19 June 2009. <http://ludens.elte.hu/~szijarto/microhist/michist/olafsson.pdf> henta 13.7.2009.
- Reay, Barry 1996: *Microhistories. Demography, society and culture in rural England, 1800–1930.* Cambridge University Press.
- Revel, Jacques 1996: Microanalysis and the Constructions of the Social. Revel, Jacques and Lynn Hunt: *Histories. French Constructions of the past.* New York: 492–502.
- Sabean, David Warren 1984: *Power in the Blood: Popular Culture and Village Discourse in Early Modern Germany.* Cambridge University Press.
- Sabean, David Warren 1990: *Property, production, and family in Neckarhausen, 1700–1870.* Cambridge University Press.
- Sabean, David Warren 1998: *Kinship in Neckarhausen, 1700–1870.* Cambridge University Press.
- Sandnes, Jørn 1983: *Handbook i lokalhistorie. Faget og metodene.* Universitetsforlaget.
- Sandnes, Jørn 1995: Hva mener du om lokalhistoriens fremtid? *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år 1920–1995.* Trondheim: 143–145.
- Schwach, Vera og Bo Stråth 2008: *Evaluering av norsk historiefaglig forskning: bortenfor nasjonen i tid og rom : fortidens makt og fremtidens muligheter i norsk historieforskning.* Norges forskningsråd.
- Sharpe, Jim 2001: History from Below. Burke, Peter (ed.): *New Perspectives on Historical Writing.* Second edition. Polity Press, Cambridge, UK.
- Schiller, Bernt 1970: *Statistik för historiker.* Stockholm.
- Slettan, Dagfinn 1995: Lokalhistorie ved universitet og høgskolar etter 1970. *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. landslaget for lokalhistorie 75 år 1920–1995.* Trondheim: 95–126.

- Slettan, Dagfinn 1996: Sosialhistorie etter 1970: «Fra sosialhistorie til kulturhistorie?». *Historisk tidsskrift* 1/2: 78–116.
- Sogner, Sølvi 1994: Mikrohistorie og menneskeskjebner. De gamle tingbøkene – en «ny» og spennende kilde. *Kirke og kultur* nr 1: 21–31.
- Sogner, Sølvi 1995: History of Mentalities – History of Cultures. Hubbard, William m.fl.: *Making a Historical Culture. Historiography in Norway*. Scandinavian University Press: 347–359.
- Terjesen, Einar 1985: Hverdagshistorie – debatt. *Historisk tidsskrift* hf. 3: 284–293.
- Thing, Morten 1999: Spor og tegn. Introduktion til Carlo Ginzburgs forfatterskab. I Ginzburg, Carlo: *Spor. Om historie og historisk metode*. Museum Tusculanums forlag. Københavns Universitet: 7–23.
- Tranberg, Anna og Knut Sprauten 1996: *Norsk bondeøkonomi 1650–1850*. Samlaget.
- Tranberg, Anna 1996: Forretningsjordbruk på Hedmarken før 1850. I Tranberg Anna og Knut Sprauten: *Norsk bondeøkonomi 1650–1850*. Samlaget: 13–30.
- Tretvik, Aud Mikkelsen 2004: *Lokal og regional historie*. Det Norsk Samlaget.
- van Lottum, Jelle og Sølvi Sogner 2006: Magnus og Barbara. Mikrohistorie i Nordsjø-regionen på 1600-tallet. *Historisk tidsskrift* 3: 377–401.

Notar

Eg takkar kollega Atle Døssland og to anonyme fagfellar for nyttige kommentarar til manus til denne artikkelen.

¹ Schwach og Stråth 2008: 8f. Det går klart fram at det var *miljøa* som skulle evaluerast, ikkje den enkelte forskaren, men enkeltforskarars bidrag blir likevel referert i betydeleg omfang.

² Smst.: 114–121, sitata er frå s. 120 og 121. Om slik «sekundærraffinering» skriv utvalet: «I oppfølgingen av de lokalhistoriske utgivelsene bør mer problematiserende spesialstudier utarbeides. De kan løfte fram ny kunnskap og/eller settar spørsmålsteign ved etablerte, nasjonale forestillinger» (s. 121).

³ Smst.: 151 og 177. Dei andre to er omgrepshistorie (begrepshistorie) og historiebruk.

⁴ van lottum og Sogner 2006: 378.

⁵ T.d.: «Den nye kulturhistorien og mikrohistorien har ført til nye problemstillinger...». Schwach og Stråth 2008: 81.

⁶ Kaldal 2002a: 10f. (uteving ved Kaldal). Jfr. òg Kaldal 2002b der han konkretiserer visse sider ved denne utviklinga. Her tek han utgangspunkt i ein sosialhistorisk artikkel av Tore Pryser frå 1984 og drøftar korleis ein med utgangspunkt i det same empiriske grunnlaget kunne skrive mikrohistorie.

⁷ Kaldal 2002a: 12.

⁸ Kjeldstadli 1999: 84, jfr. òg Slettan 1996: 83f.

⁹ Her etter Knutsen 2002: 27, note 24.

¹⁰ Her etter Iggers 1997: 44.

¹¹ Iggers 1997: 45.

¹² «scientific methods ». Magnusson 2006, Iggers 1997: 88.

¹³ Magnusson 2006 ofl..

¹⁴ Christiansen 2000: 122f. Jfr òg Kjeldstadli 1989.

¹⁵ Sharpe 2001: 26. I Sverige var «Gräv där du står»-rørelsen ein del av det same.

¹⁶ Kaldal 2002a: 30ff, 35ff.

¹⁷ Burke 2005: 41 vil ha med ei tredje gruppe inspirert av engelsk antropologi, og som forsøker å rekonstruere ego-sentrerte nettverk av sosiale relasjonar for på den måten å finne m.a. korleis folk såg på seg sjølv.

¹⁸ Iggers 1997: 107. Jfr òg Christiansen 2000: 172f.

¹⁹ Thing 1999: 7.

²⁰ Kjeldeskaparane var sjølvsagt det offentlege apparatet. Harbsmeier 1999: 12.

²¹ Busck 1999: 60.

²² Burke 2005: 39.

²³ Harbsmeier smst., Christiansen 2000: 174.

²⁴ Ginzburg 1999: 85.

²⁵ Smst.: 86.

²⁶ Magnusson 2003: 236f. Burke 2005: 41 som òg vil ha med ei tredje gruppe inspirert av engelsk antropologi, som prøver å rekonstruere egosentrerte nettverk. Cerutti 2004: 17f påpeiker at denne delinga skal gå heilt attende til framveksten av fagområdet på 1970-talet.

²⁷ Magnusson 2006.

²⁸ Terjesen 1985. Han nyttar rett nok ikkje mikrohistorieomgrepet, men koplar fagområdet i Tyskland til vendinga mot den «nye» kulturhistoria. Kaldal 1994: 41 nemner at ein sentral bidragsytar til den mikrohistoriske teoridebatten, den tyske historikaren Hans Medick, ikkje rekna seg som tilhøyrande Alltags-retninga.

- ²⁹ M.a. Kaldal 1994: 98ff. S. 12 koplar han elles den populære varianten til den svenske «Gräv där du står»-rørsla.
- ³⁰ Kjeldstadli 1989, Busck 1999: 51.
- ³¹ Kaldal 1994: 15, Medick 2001: 290.
- ³² Christiansen 2000: 177ff. Jfr òg same s. 134 om rekonstruksjonsstudiane Alan Macfarlane utførte på engelsk materiale.
- ³³ Christiansen 2000: 181.
- ³⁴ Christiansen 2004: 24f og 135. Jfr òg koplinga til dei britiske rekonstruksjonsstudiane ved Alan Macfarlane, s. 134.
- ³⁵ Kjelland 2004. Det er altså metoden ein nyttar ved utarbeiding av busetnadshistorie (gards- og slektshistorie): historisk-demografisk familierekonstitusjon utvida med andre kjelder og der ein plasserer familiene på om muleg alle bustader dei har budd på gjennom livet.
- ³⁶ Bay 1999: 135. Revel 1996.
- ³⁷ Reay 1996: 261.
- ³⁸ <http://www.microhistory.org/> (25.06.2009). Her finn ein òg nettidsskriftet *Journal of Microhistory*.
- ³⁹ Odén 1998.
- ⁴⁰ Castrén m.fl. 2004.
- ⁴¹ M.a. Christiansen 1996, Appel 1999, Fagerlund 2002, Egholm 2004, Bork 2006.
- ⁴² Schiller 1970: 173.
- ⁴³ Kjeldstadli 1999: 239.
- ⁴⁴ Egholm 1999: 34.
- ⁴⁵ Grimen 2004: 249.
- ⁴⁶ Slettan 1996: 96.
- ⁴⁷ Christiansen 2001: 119.
- ⁴⁸ Appel 1999: 38.
- ⁴⁹ Burke 2005: 40 o.fl.
- ⁵⁰ Ólafsson 2009.
- ⁵¹ Slik det er drøfta i Darnton 1984 og ein omfattande debatt i etterkant. Det er da sjølvagt nødvendig med gode nok kjelder for å analysere hendinga. Det vart eit problem med den parisiske kattemassakren.
- ⁵² <http://www.egodocument.net/egodocument/index.html> (15.6.2009).
- ⁵³ T.d. Egholm 2004.
- ⁵⁴ Denne gjennomgangen følgjer Harbsmeier 1999.
- ⁵⁵ Kaldal 2002: 84. Jfr òg drøftinga hans av det å «desentrere blikket» i historisk arbeid, smst. 80–86.
- ⁵⁶ Det evalueringsutvalet kallar begrepshistorie, jfr note 3.
- ⁵⁷ Myhre 1996: 28.
- ⁵⁸ Langholm 1974: 246. «Ullensaker-undersøkelsen» var ein del av forskingsprosjektet «Norsk samfunnsutvikling ca 1860–1900» ved Historisk institutt, Universitetet i Oslo frå 1971 som Langholm var leiar for.
- ⁵⁹ Sandnes 1995: 144 «den typen lokalhistoriske undersøkelser som jeg har kalt *mikrohistorie*» (uteha ved Sandnes). Men på førespurnad vinteren 2006–07 kunne han ikkje hugse kvar det var han hadde drøfta denne retninga.
- ⁶⁰ Sogner 1994.
- ⁶¹ Sogner 1995, Langholm 2000, Kaldal 2002a, van Lottum og Sogner 2006.
- ⁶² Utanom eventuelt Sandnes (sjå note 59). Tretvik 2004 nemner s. 89 at det eg her kallar nyare mikrohistoriske «ikkje [er] lokalhistorie i eigentleg forstand» utan nærmere presisering av kva ho meiner med det.
- ⁶³ Her sitert etter Harbsmeier 1999: 7.
- ⁶⁴ Jfr. òg debatten om lokalhistorie på lokalsamfunnets premisser, sjå t.d. Kaldal 1995.
- ⁶⁵ Utanom evalueringskomiteen, t.d. Slettan 1995 og Aronsson 2007.
- ⁶⁶ Sabean 1998: xxiv.
- ⁶⁷ T.d. Tranberg og Sprauten 1996, der både Anna Tranberg, Ove Bjarnar, Birger Lindanger, Atle Døssland og Øystein BottolfSEN bygger sine bidrag på lokal- eller regionalhistoriske arbeid. Men i alle fall Anna Tranberg skriv uttrykkjeleg at ho nyttar empirien som døme, og Birger Lindanger at han nyttar eit «normalpar» for å skildre økonomien. Det ser heller ikkje ut til at prosjektet hadde noko uttrykt perspektiv knytt til den nye kulturhistoria (og dermed mikrohistoria).
- ⁶⁸ T.d. i det bandet (8) han skrev i Cappelens Norges historie om *Den lange fredstiden* (1978) s. 87ff om dei demografiske krisane. Men eg har altså ikkje nemnande spor etter nyare mikrohistorie slik det er definert her i andre publikasjonar han har skrive før kollega Atle Døssland gjorde meg merksam på artikkelen «Garden Flokatveit i Etne, 1800–1830» i *Sunnhordland. Årbok* 1984 s. 24–42. Den kan kanskje stå som eit tidleg døme på mikrohistorisk drøfting (ikkje strengt definert) av kva slektssamband kan tyde bygd på ei grundig kartlegging av eit lite bygdesamfunn.
- ⁶⁹ Eit sjeldan døme er kanskje Apelseth 2005, sjå nedafor. Eg har elles ved hjelp av Brukarforum på Digitalarkivet gjort eit lite forsøk i samband med mikrohistorieprosjektet i Volda (sjå nedafor). Sjå <http://digitalarkivet.no/> gå til Debattforum, Brukarforum og skriv 66052 i feltet «Søk i tema/gå til nummer».
- ⁷⁰ Nedafor har eg nokre slike døme frå eige arbeid, m.a. med husmannshistorie.
- ⁷¹ Utanom publiserte arbeid frå 2000–05 skulle alle fagmiljøa som var med sende ei eigenvurdering, og alle forskarane publikasjonsliste attende til 1996.
- ⁷² Prosedyren eg har nyttar er relativt overflatisk: eg har sett igjennom utgjevne nummer av *Historisk tidsskrift* og *Heimen*, og for artiklar der tittelen kan tyde på eit slikt perspektiv har eg kontrollert om litteraturlista innehold referansar både til sentral internasjonal litteratur i feltet og lokalhistoriske arbeid. I så fall har eg lese artikkelen nøyare. Det gjeld same gjeld

publikasjonar utgjevne av NLI. Det eg *ikkje* har hatt kapasitet til å gjere er noko systematisk gjennomgang av allmennhistoriske bygdebøker eller artiklar i lokale eller regionale årbøker.

⁷³ Sjå òg melding av boka av Einar Niemi i *Heimen* 2, 1999: 149–153.

⁷⁴ Nerbøvik 2004.

⁷⁵ Pryser i Krokann 1976 (1942): 120, også med tilvising til mikrohistoria slik ho vart forstått i Ullensakerprosjektet (s. 136).

⁷⁶ Øyvind Østerud i *Historisk Tidsskrift* nr 2/1975 og nr 3/1976.

⁷⁷ T.d. den omfattande debatten i *Heimen* etter Tranberg og Sprauten 1996. Sjå òg Apelseth 2005.

⁷⁸ Ref. i Kjelland 1996b: 73 f. og 1996b: 470f.

⁷⁹ Rett nok med Einbu som eit unntak, men for området under eitt er det heilt tydeleg, jfr Kjelland 1987: 11 som har tilsvarende kurve for heile Lesjaskogen.

⁸⁰ Jfr Kjelland 2004: 97f. Eg fann i alt 283 plassar som hadde vore busette før 1801.

⁸¹ Eg gjorde altså noko som kan likne på eit slikt forsøk – utan å kjenne til den nyare mikrohistoria – i samband med ein debatt om framveksten av husmannsvesenet i 2003–04, opphavleg i ein sesjon ved HIFO-seminaret i Stavanger i 2003. Fem av bidraga vart trykt som temanummer i *Heimen* 2 2004 (Kjelland 2004).

⁸² Nærare om prosjektet på www.hivolda.no/shp-kultur.

⁸³ Bork 2006: 132f.

⁸⁴ Slik bruk av bygdebøker vil dermed kunne oppfylle ønsket frå evalueringsutvalet om «akademisk sekundærraffinering» av lokalhistoriske prosjekt.

⁸⁵ «Lokalhistorien i norsk kulturliv». Foredrag 1971, trykt i Rolf Fladby (red.): *Lokalhistorisk årbøker. Redaksjon*.

Typografi. Økonomi. Norsk lokalhistorisk institutt og Norsk Kulturråd 1972: 7–17, sitatet er frå s. 10. Bull var den gang leiar for Kulturrådets utval for lokalhistorie.